




SAMFUNNSDELEN AV KOMMUNEPLAN FOR BJØRNAFJORDEN KOMMUNE 2023-2035



PLANPROGRAM

Vedtatt i kommunestyret 18.06.2021 – sak 82/2021

INNHOLD


| | |
|--|----|
| 1. Innleiing | 3 |
| 1.1. Formålet med planarbeidet | 4 |
| 2. Grunnlag | 5 |
| 2.1. Visjon og verdiar | 5 |
| 2.1.1. Satsingsområde frå gjeldande strategidokument..... | 5 |
| 2.2. FN sine berekraftsmål – korleis skal vi arbeida med dei i Bjørnafjorden?..... | 6 |
| 2.3. Folkehelseoversikt og KommuneROS | 7 |
| 2.4. Demografi – folketalsutvikling og lokale forskjellar | 7 |
| 2.4.1. Ulike framtidsscenario | 7 |
| 3. Satsingsområde frå planstrategien..... | 8 |
| 3.1. Arealstrategi: Korleis skal vi bruka arealet vårt?..... | 8 |
| 3.2. Klima og miljø | 9 |
| 3.3. Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn..... | 10 |
| 3.3.1. Levekår, folkehelse og kulturelt mangfald..... | 10 |
| 3.3.2. Senterstruktur, tettstad- og bygdeutvikling..... | 11 |
| 3.4. Nærings, innovasjon og infrastruktur | 11 |
| 3.4.1. Næringsutvikling og sysselsetjing | 11 |
| 3.4.2. Transport..... | 13 |
| 3.4.3. God, trygg og berekraftig infrastruktur | 13 |
| 3.5. Treffsikre kommunale tenester..... | 14 |
| 3.5.1. Berekraftig kommuneøkonomi..... | 15 |
| 3.5.2. God helse og livskvalitet for alle, uansett alder..... | 17 |
| 3.5.3. God utdanning og livslang læring for alle..... | 18 |
| 4. Planprosess | 19 |
| 4.1. Prosjektorganisasjon | 19 |
| 4.1.1. Politisk organisering | 19 |
| 4.1.2. Administrativ organisering | 19 |
| 4.2. Medverknad – og samarbeid for å nå måla | 19 |
| 4.3. Behov for utgreiingar og kartleggingar | 21 |
| 4.4. Tidsplan | 21 |
| 5. VEDLEGG | 22 |
| 1.Lenke til kommunal planstrategi på heimesida vår: | 22 |
| 2.Satsingsområde | 22 |
| 3. Nasjonale føringer | 24 |

1. INNLEIING

Gjennom vedtak av kommunal planstrategi 15.12.2020 har kommunestyret bestemt at det skal lagast kommuneplan for Bjørnafjorden kommune med oppstart i 2021. Kommuneplanen består av to delar, som heng nært sammen:

- Samfunnssdelen (KPS) med handlingsdel
- Arealdelen (KPA)

Vi går no i gang med arbeidet med samfunnssdelen av den første kommuneplanen for den nysamanslårte kommunen vår. Plan og bygningslova § 4-1 og § 11-13 set krav om at det som ledd i varsling av planoppstart skal lagast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Det skal sendast ut på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i minst seks veker. Planprogrammet skal gjera greie for kva samfunnsplanen skal handla om, formålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad. Det kan samordnast med planstrategien.




Samfunnssdelen av kommuneplanen skal vera Bjørnafjorden kommune sitt overordna styringsdokument. Samfunnssdelen skal avløya strategidokument for Bjørnafjorden kommune, som vart vedtatt av fellesnemnda for kommunesamslåinga 11. februar 2019. Den skal vera med på å definera og formidla identiteten vår som ny kommune og korleis vi ønskjer at Bjørnafjorden kommune skal utvikla seg fram mot 2035. Kommuneplanen skal gi rammer både for utvikling av kommunesamfunnet vårt og lokalsamfunna våre, og forvaltinga av arealressursane våre. I communal planstrategi er utviklingstrekk og utfordringsbilete for kommunen skildra. På bakgrunn av dette er òg aktuelle tema som samfunnssdelen bør ta for seg, løfta fram. Desse satsingsområda/temaa er omtala i kap. 3 i dette dokumentet.

Kommuneplanen skal òg synleggjera utfordringar, mål og strategiar for kommunen som organisasjon. Samfunnssdelen er grunnlaget for sektorplanlegginga og skal gi overordna mål for denne og retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i den kommunale verksemda.

Sektorplanlegginga skal i sin tur gi retningslinjer og rammevilkår for verksemda i vedkomande sektor. Som ny kommune har vi behov for sektorplanar for dei to store kommunalområda våre: Oppvekst og Helse og velferd. I tillegg skal det lagast sektorplan for det mangfoldige kulturfeltet – sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv – og kommunedelplan for klima, energi og miljø for Bjørnafjorden kommune. Arbeidet med sistnemnde er godt i gang.

Det blir viktig å koordinera desse planprosessane med kommuneplanarbeidet for å skapa god samanheng i planarbeidet vårt og dra nytte av felles utgreiingsarbeid, fagressursar og opplegg og arenaer for medverknad.



Kommunal planlegging skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Plan- og bygningslova slår fast at regional plan skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemnd. Regionale mål finst både i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og i andre regionale planar. Sjå oversikt over desse i planstrategidokumentet for Bjørnafjorden kommune s. 7.

I Kommunal planstrategi for Bjørnafjorden kommune 2020-2024 vedtok kommunestyret at også FN sine berekraftsmål skal vera styrande for samfunns- og arealplanlegginga vår, saman med lokale behov og regionale føringer. Dette er i samsvar med «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023», vedtatt ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019. Vidare nasjonale forventningar er utdjupa i KPSt. s. 4. Sjå elles oversikt over andre nasjonale føringer i vedlegg 3.

1.1. Formålet med planarbeidet

Samfunnsdelen skal (jf. pbl. § 11-2) ta for seg

- Langsiktige utfordringar for Bjørnafjorden kommune
- Mål og strategiar for kommunesamfunnet
- Mål og strategiar for kommuneorganisasjonen, sektorane og tenestene
- Skildra og vurdera alternative strategiar for utviklinga i kommunen
- Vera grunnlag for planane og verksemda til dei ulike sektorane
- Skildra og vurdera langsiktige arealbehov
- Skildra samanhengen mellom langsiktige mål og strategiar og dei fysiske og økonomiske konsekvensane av desse

2. GRUNNLAG

Kommunal planstrategi for Bjørnafjorden kommune 2020-2024 vart vedtatt av kommunestyret 15.12.2020. Her er det lagt føringar for planarbeidet vårt og definert kva tema og satsingsområde vi skal arbeida med i prosessen fram mot den første kommuneplanen (samfunnsdelen) for Bjørnafjorden kommune.

2.1. Visjon og verdiar

Det hører gjerne til i ein kommuneplanprosess med brei medverknad for å koma fram til visjon og verdigrunnlag for kommunen. Dette har vi alt på plass i Bjørnafjorden kommune.

Under arbeidet med kommunesamanslåinga vart det gjennomført ein omfattande «merkevareprosess» leia av designfirmaet Oktan. Her var både innbyggjarar og representantar for politikarane og dei tilsette involverte. Resultatet er ei **merkevareplattform** for Bjørnafjorden og for kommunen som organisasjon, der samfunnsoppdrag (misjon), visjon og verdiar er formulert. Dei skal liggja i botnen for alt arbeid i kommunen, inkludert planarbeid.

Samfunnsoppdraget vårt er definert både frå overordna styresmakter, og ut frå lokale behov og utfordringar. Ein kommune skal vera både samfunnsutviklar, tenestetilbydar, lokaldemokratiutviklar, myndigheitsutøvar og arbeidsgjevar. I Bjørnafjorden er det oppsummert i «**Det gode liv for alle**».

Visjonen gir retning og noko å strekkja seg etter, og fortel kva vi vil at Bjørnafjorden kommune skal vera.

Verdiane våre seier noko om kva vi skal byggja Bjørnafjorden kommune på og korleis vi skal møta innbyggjarane våre.

Samfunnsoppdrag (misjon): **Det gode liv for alle**

Visjon: **Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping**

Verdiar:

- Vi lyttar med respekt
- Vi finn smarte løysingar
- Vi gjer det vi seier
- Vi er inkluderande

2.1.1. Satsingsområde frå gjeldande strategidokument

I strategidokumentet frå 2019 valde vi tre hovudsatsingsområde, som vi tar med oss inn i arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. Dei låg til grunn for merkevareprosessen og kjem til uttrykk gjennom verdigrunnlaget vårt:

Vi satsar på **FOLK, FELLESKAP** og ein **FRAMTIDSRETTE** kommune.

- Vi skal leggja til rette for trygge, stolte, likeverdige og engasjerte innbyggjarar og medarbeidarar.
- Vi skal byggja nye fellesskap – små og store, internt og eksternt.
- Vi skal vera nytenkande, endringsvillige og yta treffsikre tenester.

2.2. FN sine berekraftsmål – korleis skal vi arbeida med dei i Bjørnafjorden?

I samsvar med nasjonale føringer og vedtatt kommunal planstrategi er FN sine berekraftsmål ein viktig del av det som er styrande for samfunns- og arealplanlegginga i Bjørnafjorden kommune.

Korleis skal vi arbeida vidare med å nå FN-måla?

- Det må konkretiserast nærmere i planprosessen som skal føra fram til den første KPS for Bjørnafjorden.
- I planarbeidet vårt framover må vi samordna berekraftsmåla og dei nasjonale forventningane med våre lokale forhold.



Dei 17 FN-måla med sine 169 delmål og 232 indikatorar heng saman og støttar opp om kvarandre. Vi skal difor jobba med alle måla. I kommunal planstrategi har vi førebels vald tre overordna mål som heile kommuneorganisasjonen skal arbeida med på tvers av fagområde: mål 13, 11 og 9.

Dei tre fellesmåla – tilpassa til lokale forhold – er:

- Mål 13: Stoppa klimaendringane
- Mål 11: Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn
- Mål 9: Næring, innovasjon og infrastruktur

I tillegg til desse tre fellesmåla, har vi sett på kva mål som passar saman med tenestene på kvart av dei tre kommunalområda i Bjørnafjorden kommune. På denne måten er alle dei 17 berekraftsmåla kobla mot tenesteområde hos oss.

- Helse og velferd: Mål 3 «God helse og livskvalitet for alle, uansett alder» som fellesmål for kommunalområdet + mål 1, 2, 5, 8, 9, 10 og 11.
- Oppvekst: Mål 4 «God utdanning og livslang læring for alle» som fellesmål for kommunalområdet + mål 2, 3, 5, 8, 10, 11, 13 og 16.
- Samfunnsutvikling: Mål 11 «Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn» som fellesmål for kommunalområdet + mål 6, 7, 8, 9, 12, 13, 14, 15 og 16.

Mål 17: «Samarbeid for å nå måla» skal vera arbeidsmåten vår.

Vi er heilt avhengige av å samarbeida for å nå berekraftsmåla. For å utvikla lokalsamfunna våre i berekraftig retning og skapa liv i Bjørnafjorden, må vi samarbeida innan kommunen, på tvers av kommunal- og fagområde, administrasjon og politikk, med innbyggjarar, organisasjonsliv/frivillig sektor, næringsliv og kulturliv.

Vi må òg samarbeida ut over kommunegrensene, med andre kommunar, regionale og nasjonale styresmakter, forskingsmiljø og føretak. Saman kan vi få til utruleg mykje meir enn kvar for oss. Dette har vi i særleg grad erfart i det omfattande arbeidet med å handtera koronapandemien.

2.3. Folkehelseoversikt og KommuneROS

Folkehelseoversikta for 2019-2022 skal vera ei støtte i arbeidet med å definera konkrete folkehelsemål i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Det er ein klar samanheng mellom berekraftsmåla og folkehelse. Føremålet med folkehelsearbeidet er å gjera lokalsamfunna til ein trygg og god plass å leva, og gje alle innbyggjarane same moglegheit til å leva sunne liv.

KommuneROS beskriv risiko og sårbarheit i kommunen vår. Det overordna målet for arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap er at Bjørnafjorden skal vera ein trygg og robust kommune å bu, arbeida og opphalda seg i.

2.4. Demografi – folketautsvikling og lokale forskjellar

1. Kor stor vekst kan vi forventa/skal vi planleggja for?

- Innbyggjartal 1.1.2020: 24 908, 1.1.2021: 25 049 (0,57 % auke).
- SSB (utg.pkt. innb.1.1.2020) alternativ MMMM/middels vekst: 27 216 innb. i 2030, 29 325 i 2040 og 30 857 i 2050.
- SSB (utg.pkt. innb.1.1.2020) alternativ HHMH/høg vekst: 27 887 innb. i 2030, 31 017 i 2040 og 33 835 i 2050.
- Det er lagt til grunn eit optimistisk mål på 3 % vekst i forslaget til kommunedelplan for arealet i tidlegare Os kommune.
- I folkehelerapporten for Bjørnafjorden kommune er det understreka at vi i plansamanheng bør «ta inn i vurderingane at veksten kan verta lågare framover enn kva som har vore tilfellet».

2. Korleis kjem folketalet til å fordela seg utover i den nye kommunen? Korleis ønskjer vi at veksten skal fordelast? Korleis kan vi leggja til rette for det?

3. Kven er innbyggjarane våre i 2035?

- Samansetjing av befolkninga styrer både planlegging og prioriteringar for kommunane. Det gjeld i første rekke alder, men òg kjønn og etnisitet.

UTGREIINGSBEHOV

Behov for ei ny utgreiing for Bjørnafjorden om befolkningsprognosar, attraktivitet og næringsutvikling.

2.4.1. Ulike framtidsscenario

Dei ulike scenarioa for folkevekst stiller ulike krav til samfunns- og arealplanlegginga vår framover. Nokre (potensielle) enkelprosjekt *kan* ha stor innverknad på utviklinga. Kva kan dei ev. få å seia?

- E39 Svegatjørn-Rådal opnar i 2022
- Realisering av potensialet i utvikling av Lyseparken som eit innovativt og regionalt næringsareal, med stor-establering som f.eks. batterifabrikk?
- Ferjefri kyststamveg / E39 Stord-Os / bru over Bjørnafjorden?
- Bjørnafjorden er knytt saman til *ein* kommune også kommunikasjonsmessig i 2035?

Kva utvikling ønskjer vi framover? Kva skal Bjørnafjorden vera? Kva skal kommunesenteret vårt vera – «Osbygdo» eller småby/bygdeby?

- Berekraftige «tettstadar og lokalsamfunn» eller «bysamfunn, tettstadar og lokalsamfunn»?
- Bynært bygdeliv eller urbanisering? Eller både – òg?
- «Vekst» – kva meiner vi med det?

Kva utslag kan klimaendringane gi? Her må vi òg ta høgde for ulike scenario.

- Dersom dei globale klimagassutsleppa held fram i same takt som dei siste tiåra?
- Dersom vi greier å halvera klimagassutsleppa i verda innan 2030?

Nye pandemiar?

- Korleis førebud oss på det?

3. SATSINGSMÅRÅDE FRÅ PLANSTRATEGIEN

I kommunal planstrategi for Bjørnafjorden 2020-2024 er det skissert nokre hovudsatsingsmårla for utvikling av den nye kommunen. Dei tar utgangspunkt i dei lokale utviklingstrekkja og utfordringsbiletet som er skildra i planstrategien, og byggjer m.a. på folkehelseoversikta, KommuneROS, politisk og tverrfagleg medverknad frå tenesteområda. Dei er vidare knytt til berekraftsmåla (jf. kap. 2.2). Innspel frå høyningsinstansane er òg tatt med inn i dette planprogrammet. I dette kapitlet blir satsingsmårla og tilhøyrande problemstillingar utdjupa. Sjå òg vedlegg med samletabell for satsingsmårla.

3.1. Arealstrategi: Korleis skal vi brukka arealet vårt?

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggja grunnlaget for overordna prioriteringar i arealdelen. Det gjeld arealet både på land og i sjø og vatn. Jf. Berekraftsmål 14: Liv i havet (vatn), mål 15: Liv på land, mål 11: Berekraftige tettstadar/byar og lokalsamfunn, mål 9: Nærings-, innovasjon og infrastruktur, mål 13: Stoppa klimaendringane.

Areal og folketal er ulikt fordelt på dei to sidene av fjorden, som deler kommunen i to. Det bur flest folk (84,5 %) på vestsida (tidl. Os kommune), der arealet er minst (140 km²). Arealet på austsida (tidl. Fusa kommune) er nesten tre gonger så stort (379 km²). Der bur 15,5 % av innbyggjarane. Dette gir ulike moglegheiter og utfordringar, og problemstillingar knytt til sentrum/periferi, tettbygd/spreiddbygd busetnad.

| | Innb. i tettbygd strok | Innb. i spreiddbygd strok | Innb. pr. km ² |
|---------------|------------------------|---------------------------|---------------------------|
| Bjørnafjorden | 76 % – 18 629 pers. | 24 % – 5998 pers. | 51 |
| Os-sida | 87 % – 18 090 pers. | 13 % – 2681 pers. | 162 |
| Fusa-sida | 14 % – 539 pers. | 86 % – 3317 pers. | 10 |

1. KVAR og KORLEIS skal vi prioritera mellom behovet for areal til:

- Offentlege føremål/kommunale funksjonar (barnehage, skule, institusjonar, idrettsanlegg, kulturtilbod m.v.)
- Grøntareal, friluftsområde, «grøne/blå korridorar»
- Bustad
- Nærings – på land, ved og på vatn og sjø, inkludert jorbruksareal og produktivt skogareal
- Samferdselsinfrastruktur – transport på land og sjø av folk og gods – veg, gang- og sykkeltilbod, kollektivaksar, ferje, båt (berekraftsmål 9)
- «Liv i Bjørnafjorden» – korleis få til utvikling i alle deler av kommunen, utan for stor arealspreiing?

2. Arealrekneskap – korleis skal kommunen ivareta omsynet til arealnøytralitet?

- | | |
|-------------------------------|-------------------|
| • Jordvern/matjord/dyrka mark | • Naturmangfold |
| • Bruken av strandsona | • Friluftsområde |
| • Bruken av sjøareala | • Kulturmiljø mv. |

3. Samfunnstryggleiksomsyn i arealplanlegginga

- T.d. ras- og flaumfare, kvikkkleireområde, havnivåstiging mv.

3.2. Klima og miljø

13 STOPPE
KLIMAENDRINGANE



Kommunedelplan for klima, energi og miljø (KLEM-plan) er hovudplanen for dette satsingsområdet. Arbeidet med den er i gang. Vi legg opp til samkøyring av desse to planarbeida. Berekraftsmål 13: Stoppa klimaendringane er hovedmålet, som heile kommunen skal samarbeida om. I tillegg er mål 15, 14, 12, 11, 9, 7, 6 og 3 førande for arbeidet.

Hovudsatsingsområda er:

1. Redusera utslepp av klimagassar

- Status: 3,42 tonn CO₂-ekvivalentar pr. innb., største utsleppskjelde: Transport på sjø og land.
- Kor stor reduksjon? På kva måtar? Kvar er det mogleg å få til kva? Fellestiltak, differensierte tiltak? Dette blir konkretisert i KLEM-planen.
- Redusera klimagassutslepp i samsvar med KLEM-planen og regional plan.
- Tiltak mot klimaendringar i vidare planarbeid og politikk.

2. Korleis tilpassa oss klimaendringane og klimarisikoene?

- Fysisk klimarisiko: Auka fare/sannsyn for kraftig nedbør, regnflaum, jord-, flaum- og sørpeskred, stormflo.
- Klimatilpassing – gjennom kommunal planlegging og arbeid med samfunns-sikkerheit og beredskap, for å styrkja evna til å stå imot og tilpassa oss klimarelaterte farar.
- Ansvarsrisiko som kommune.
- Overgangsrisiko for næringsliv og offentleg verksemd. Investerer vi for lågutsleppssamfunnet i dag?
- Haldningsskaping, opplysning og opplæring for å styrkja evna til å tilpassa oss og redusera konsekvensane av klimaendringar.

3. Sikra god balanse mellom (folke)vekst og omsyn til natur, miljø og biologisk mangfald

- Beskytta naturmangfaldet i vatn/sjø og på land, både med omsyn til artar og habitat.
- Ta vare på vassressursane våre, både i sjø og ferskvatn.
- Sikra berekraftig utvikling av sjøområda våre, og eit robust havmiljø med god og velfungerande økologisk tilstand.

4. Fastsetja klima-, energi- og miljømål for kommuneorganisasjonen

- Redusera energiforbruk og klimagassutslepp frå kommunal verksemd i samsvar med KLEM-planen og regional plan.
- Redusera transportbehovet og legga til rette for miljøvenlege transportformer som kollektiv, sykling og gåing.
- Arbeida for ulike miljøsertifiseringar innan bygg, anlegg og drift.
- Arbeida systematisk for klima-, miljø- og samfunnsansvar i kommunen sine anskaffingar.
- Auka gjenvinning og gjenbruk og redusera ressursforbruket.
- Bjørnafjorden kommune skal stimulera til grøn samfunns- og næringsutvikling.

KARTLEGGINGAR OG UTGREIINGSBEHOV knytt til kap. 3.1. og 3.2.:

Kartlegging av naturmangfald for å hindra tap av natur og biologisk mangfald, og redusera øydelegging av habitat. Viktig kunnskapsgrunnlag for arealplanarbeid.

3.3. Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn



Dette satsingsområdet er knytt til berekraftsmål 11, det andre hovudmålet som heile kommunen skal samarbeida om. Det handlar om å gjera tettstadar og lokalsamfunn **inkluderande, trygge, robuste og berekraftige**:

1. Verdi nr. 4: «Vi er inkluderande». Attraktive sentrum, levande bygder/krinsar og aktivt kulturliv. «Liv i Bjørnafjorden» og «Det gode liv for alle».
2. Samfunnssikkerheit og beredskap: Gjera lokalsamfunna våre trygge og motstandsdyktige ved å satsa på førebygging, og gjera kommunen driftssikker og i stand til å handtera uønskte hendingar. Uavhengig av om det er i form av ekstremvær og naturskade som ras, flaum og overvatn; svikt i kritisk infrastruktur, svikt i matforsyningar, store ulukker, tilskjuta hendingar eller ein pandemi.
3. Sikra god balanse mellom interessene til enkeltindividet og fellesskapet, og innbyggjarane i dag og framtidige generasjonar.

Vi deler dette satsingsområdet i to undertema: 1. Levekår, folkehelse og kulturelt mangfold og 2. Senterstruktur, tettstad- og bygdeutvikling.

3.3.1. Levekår, folkehelse og kulturelt mangfold

Korleis vi utviklar tettstader og nærmiljø betyr mykje for livskvaliteten og helsa til folk. Gode nærmiljø med tilgang til møteplassar, kultur- og fritidstilbod og rekreasjonsområde nær buområda er svært viktige for bu- og livskvalitet. Dette gjeld i særleg grad den delen av befolkninga som har liten eller redusert mobilitet, i hovudsak barn, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. **Korleis samordnar vi dei tre satsingsområda våre frå strategidokumentet – folk, fellesskap, framtidsretta kommune – på desse områda?** Følgjande spørsmål bør diskuterast i løpet av planprosessen for KPS og relevante sektorplanar:

- **«Vi er inkluderande» – kva betyr denne verdien vår for oss som kommune og for innbyggjarane?** Kven må vi særleg ha i tankane når det gjeld inkludering og integrering? Korleis handterer vi aukande økonomisk ulikskap og sosial utanforskap?
- **Bustadpolitikk for framtida** – korleis møta ei mangfoldig og samansett befolkning sine behov for meir differensierte butilbod gjennom livsløpet? Og samtidig ta omsyn til miljøvenleg plassering i høve til servicefunksjonar, transportbehov og transportløysingar?
- **Idrett, friluftsliv og rekreasjon** – kva idrettsanlegg og idrettsaktivitet bør vi leggja til rette for i åra som kjem? «Friluftsliv for alle» – korleis sikra trygg tilgang til varierte rekreasjonsareal og gode forhold for uteaktivitet og friluftsliv i nærmiljøa rundt om i ein kommune med stor folkeauge?
- **Kulturpolitikk for framtida** – korleis bidra til **treffsikre kultur- og fritidstilbod** for barn og unge, andre aldersgrupper, etnisk bakgrunn og innbyggjarar med behov for særleg tilrettelegging? Korleis kan vi bruka lokale kulturminne, kulturmiljø og kulturarv som ressurs for ei berekraftig samfunnsutvikling? Korleis leggja til rette for at innbyggjarane kan ta del i og oppleva eit mangfold av kunst- og kulturutrykk? Byggja felles kulturell identitet i Bjørnafjorden? Og **kva skal vera kommunen si rolle i dette?**
- **Møte mellom menneske** – kva treng Bjørnafjorden framover av **digitale og fysiske møteplassar, kulturbygg og idrettsanlegg rundt om i kommunen?** Korleis bidra til delingskultur for utstyr og anlegg? Korleis vera ein god «vertsommune» for frivillig arbeid/frivillig sektor, lag og organisasjonar?

- **Biblioteket som møteplass for alle** og samtale-, debatt- og kulturarena – korleis styrkja og vidareutvikla dette tenestetilbodet?

3.3.2. Senterstruktur, tettstad- og bygdeutvikling

1. Korleis skal senter-/tettstadstruktur og -utvikling vera i Bjørnafjorden kommune?

- Osøyo som kommune- og regionsenter
- Eikelandsosen som kommunedelsenter
- Byvekstavtalen 2019-2029 – utvikling og samordning av areal- og transportpolitikken i regionen
- «Liv i Bjørnafjorden»-prosjektet – med mål å leggja til rette for gode liv og utvikling i alle bygder og krinsar, m.a. i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, bygdeutval og samarbeidsutval.

2. Kva vil det seia å leggja til rette for livskraftige bygder og krinsar, og utvikling i heile kommunen?

3. Vi skal laga **strategi for heilskapleg utvikling av nærsenter/bygdesenter** i 2021 (jf. kommunal planstrategi). Dette arbeidet går parallelt med kommuneplanarbeidet og må koordinerast.

Anbefalingar frå Eldrerådet og Seniortråkk-rapporten er innarbeidde i følgjande viktige problemstillingar:

- Kva skal sentera – på ulike nivå (kommune-, kommunedel-, nær-/bygdesenter) – innehalda? For å bli opplevd som relevante for omlandet. For å finna ein god balanse mellom ulike funksjonar, som f.eks. bustad, næring, møteplassar, grøntareal og kultur. For å vera tilpassa behova og «radiusen» til barn, unge og eldre. For å vera framtidsretta og berekraftige.
- Korleis finna smarte mobilitetsløysingar for å koma seg til, og flytta seg rundt i, desse sentera?
- Avgrensing av senter og sentrum?
- Samarbeid og samskaping med innbyggjarar og relevante aktørar.
- Korleis sameina overordna føringer om fortetting, kollektivstrategi, parkering og estetikk med lokale utfordringar og ønske?

3.4. Næring, innovasjon og infrastruktur



Dette satsingsområdet er knytt til berekraftsmål 9, det tredje hovudmålet som heile kommunen skal arbeida med på tvers av fagområde. Den felles oppgåva gjeld særleg å bidra til innovasjon på ulike samfunns- og tenesteområde, jf. målet om å vera ein framtidsretta kommune, frå Strategidokumentet. Berekraftsmål 9 handlar i tillegg om å byggja solid og grensekryssande infrastruktur. Det er såleis eit svært viktig mål for vår nysamanslårte kommune, som er delt av ein fjord. Og det handlar om å fremma inkluderande og berekraftig industrialisering. Vi har omskrive industri

til næring, for også å famna om sterke og viktige næringar som ikkje fell inn under industriomgrepene. Vi har vald å dela dette satsingsområdet i tre undertema: 1. næringsutvikling og sysselsetjing, 2. transport og 3. infrastruktur.

3.4.1. Næringsutvikling og sysselsetjing

Vi har eit sterkt næringsliv med høg verdiskaping innan næringar som havbruk, verkstadindustri, trebearbeiding, bygg og anlegg. Fleire arbeidsplassar i eigen kommune er likevel ei utfordring for oss.

Strategisk næringsplan for Bjørnafjorden kommune er under arbeid og vil bli koordinert med fylkeskommunen sin regionale plan for innovasjon og næringsutvikling, som er på høyring. Arbeidet med dette temaet i KPS må samordnast med desse to planane. Problemstillingane knytt til næringsutvikling og innovasjon som blir presenterte nedanfor, gjeld både eksisterande næringsliv i Bjørnafjorden (inkl. landbruket) og nyetableringer.

1. Kva skal kommunen si rolle vera i næringsutviklinga? Og korleis kan vi vera ein god vertskommune for næringslivet? Aktuelle stikkord: Areal? Tidsperspektivet – ferdige planar og effektiv sakshandsaming? Infrastruktur? Tilgang på arbeidskraft? Stimulera og støtta? Møteplassar og medverknad? Attraktivitet. Næringsutvikling er meir enn tiltaksarbeid – korleis tiltrekka oss nye næringsaktørar til Bjørnafjorden?

2. Korleis kan vi vera med og stimulera til omstilling og grøn næringsutvikling i Bjørnafjorden? Berekraftig verdiskaping og grøn omstilling vil vera drivar for all næringsutvikling i fylket. Fylket sitt mål om nullutslepp innan 2030 vil påverka næringsliv i Bjørnafjorden, jf. overgangsrisikoen, som er omtala i kap. 3.2. Korleis kan kommunen leggja til rette for omstilling av dei direkte berørte næringane, f.eks. byggebransjen som no står overfor ein ny byggestandard? Kva potensial har vi i konkrete prosjekt som «**Grøn Bjørnafjord**», som handlar om å byggja breie faglege nettverk/kunnskapsdeling og FOU-samarbeid, å bidra til omstillingskompetanse og utvikla grøn konkurranseskraft? Og kva potensial har vi i **kulturbasert næringsutvikling** (f.eks. verdsarven vår oselvaren) og **utvikling av Bjørnafjorden som reiselivsdestinasjon**? Korleis **styrkja primærnæringane** våre?

3. Næringsareal: Rett areal til rett føremål, og til rett tid

Kva skal vi satsa på – og kva skal vi *ikkje* satsa på i Bjørnafjorden? Kva har vi gode føresetnader for? Kva skil oss frå «dei andre»?

- Berekraftig areal til akvakultur.
- Skog- og jordbruksareal og jordvern.
- Nye industriområde med nye moglegheiter: Lyseparken som innovativt senter for næringsetablering. Samnøy industriområde med djupvasskai.

4. Interkommunalt samarbeid innan felles bu- og arbeidsmarknadsregionar??

- Sjå næringsareal og arbeidsplassar i *ein* kommune i samanheng med bustadareal i nabokommunar?
- Interessekonflikter? Synergieffektar? Fordalar og ulemper?

5. Sysselsetjing

I tillegg til berekraftsmål 9 høyrer berekraftsmål 8 «Anstendig arbeid og økonomisk vekst» med delmål til dette satsingsområdet. Det handlar om å fremma varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle. Det er ei felles oppgåve for kommuneorganisasjonen og næringslivet.

Korleis kan vi som kommune fremma full sysselsetjing og anstendig arbeid for innbyggjarane våre uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn?

Relevante problemstillingar er fleire arbeidsplassar i eigen kommune, og sysselsetjing og arbeidsløyse etter koronapandemien. Korleis få ungdom, personar med nedsett funksjonsevne og innvandrarar inn i arbeidslivet? Korleis leggja til rette for heiltidskultur, for eit inkluderande arbeidsliv med arbeid etter evne, lik lønn for likt arbeid, trygge og sikre arbeidsmiljø for alle arbeidstakrar?

Kommunen er den største arbeidsplassen i Bjørnafjorden. **Korleis sikra tilgang på kvalifisert arbeidskraft både i kommunale tenester og i det private næringslivet?**

3.4.2. Transport

1. Korleis binda kommunen saman kommunikasjonsmessig?

- Delmål 9.1 tar for seg påliteleg, berekraftig og solid grensekryssande infrastruktur, til overkomeleg pris og med likeverdig tilgang for alle – for å støtta økonomisk utvikling og livskvalitet. Kva har det å seia i Bjørnafjorden kommune?
- Ferja internt i kommunen
- Utbetring av fv 552 mellom Osøyro og Eikelandsosen
- Smarte transportløysingar («Skyss til ferjo», «Hent meg», «Trygg transport 65+» osv.)
- Bru?

2. Samordna areal og transportplanlegging

- bustad- og næringsutbygging, og offentlege bygg og anlegg i område der infrastrukturen alt er tilrettelagd

3. Korleis, og kvar, kan vi nå nullvekstmålet for persontransport med bil? Kvar kan vi redusera biltrafikken?

- Byvekstavtalen, NTP med nullvisjonen

4. Strategi for grøn mobilitet og infrastruktur – sykling, gåing og kollektivtilbod.

- Trafikknutepunkt og kollektivterminal på Osøyro – for transport på sjø og land
- Korleis kan vi finna mest mogleg berekraftige løysingar for dei delane av kommunen der innbyggjarane er avhengige av privatbil for å koma seg fram?
- Ladeinfrastruktur

5. Trafikksikring

Korleis leggja til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar? Trafikksikringsplan for Bjørnafjorden kommune (KDP) er under arbeid. Det er hovudplanen for dette området. Arbeidet med samfunnsdelen og trafikksikringsplanen må koordinerast.

6. Sjøvegs transport og tilhøyrande infrastruktur

- Maritime næringar, hamner og sikring av farbare sjøareal i kommunen.
- Tilstrekkeleg areal til alminneleg ferdsel til sjøs.

7. E39 Stord-Os (Hordfast)

- Ein statleg KDP som sikrar areal til E39 vart vedtatt i 2019. Forslag til statleg reguleringsplan innan denne geografiske ramma skal vera ferdig våren 2022. Kommunen er høyringspart.

3.4.3. God, trygg og berekraftig infrastruktur

1. Vatn og avløp

- Folkeauken krev ei kontinuerleg oppgradering og utbygging av teknisk infrastruktur – veg, vatn, avløp (VVA) og sløkkevatn for Brann/redning.
- Levera godt og nok vatn til innbyggjarane.
- Målet er at alle innbyggjarane skal vera tilknytt berekraftige avløpssystem (oppsamling, reinsing, utslepp) – for å hindra miljøulemper og brot på naturtølegrenser.

2. Digital infrastruktur og «smart»-satsing

- Breiband, datanett, mobilnett
- Korleis kan vi ta i bruk ny teknologi for å forenkla arbeidsprosessar og tenester, gjera dei sikrare, meir tilgjengelege og mindre avhengige av opningstider og personleg oppmøte?

3. Offentlege bygg og anlegg

- Barnehage, skule, helse og velferd, idrettsanlegg, kulturbygg

4. Næringsbygg og -anlegg

UTGREIINGSBEHOV:

Drivkrefter og sannsynleg utvikling av befolkning, sysselsetjing, arbeidsplassar, næringsutvikling og utdanningsnivå i åra framover (Demografi, attraktivitet og næringsutvikling)

3.5. Treffsikre kommunale tenester

Kva vil det seia at vi som kommune skal levera treffsikre tenester?

Det krev godt blikk, rask reaksjonsevne, nytenking og evne til å vera proaktiv og møta utfordringar offensivt. For å greia å vera treffsikker, må vi vita kva vi skal treffa. Vi må ha god kunnskap om dei vi skal levera tenester til og deira behov. **Kven er innbyggjarane våre i 2035? Kvar må vi bruka ressursane?**

Og vi må ha god fagkunnskap – og medarbeidarar til å yta tenestene. Å halda på fagfolka våre og rekruttera nye blir svært viktig framover for å sikra både kapasitet og kompetanse i kommuneorganisasjonen.

Treffsikre tenester inneber (m.a.) at:

- Det skal vera god kvalitet på tenestene våre. Og vi skal ha gode system for kvalitetssikring.
 - Kva er «god kvalitet»? Og kven definerer det?
- Vi skal levera heilskaplege tenester – tenkja folkehelse, førebygging og tverrfagleg fokus.
- Tenestene skal vera målretta. Det krev at vi har klare mål.
- Kvar enkelt innbyggjar skal få dei tenestene dei har *behov* for – men det betyr ikkje at vi som kommune kan oppfylla alle *ønske*.
- Tenestene må vera tilpassa kommuneøkonomien.
- Vi må leva med spennet mellom behov og ønske – kva er kva? Og kven definerer det?
- Samarbeid og samhandling må til for å greia å levera treffsikre tenester – med innbyggjarane, tverrfagleg, mellom politikk og administrasjon, med nabokommunar, regionale og statlege organ og forskingsmiljø.
- «Vi finn smarte løysingar»: vi er serviceinnstilte, løysingsorienterte og samarbeidsvillige – med brukaren i sentrum.
- Vi er ein nynorskkommune som kommuniserer på klarspråk og i tillegg nyttar visuell kommunikasjon på ulike kommunikasjonsflater/i ulike kanalar for å nå fram til flest mogleg.
- Vi legg til rette for sjølvhjelpe og myndiggjorte innbyggjarar – medverknad, deltaking, samskapning – universell utforming

Korleis skal Bjørnafjorden kommune **etterleva FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)?**

Korleis kan vi bruka verdiane våre – vi lyttar med respekt, finn smarte løysingar, er inkluderande og gjer det vi seier – i utviklinga av tenestene?




3.5.1. Berekraftig kommuneøkonomi

I omgrepet «berlekraftig» ligg ei utvikling som tilfredsstiller behova i dag, utan å øydeleggja livsvilkåra for framtidige generasjonar. Kommuneøkonomien er ein av faktorane som legg rammer for kommunen sitt arbeid. Auka krav til kommunale tenester og store investeringar er med på å leggja press på økonomien. Vi må finna eit driftsnivå på tenestetilbodet som er tilpassa kommunen sine inntekter, skiftande økonomiske rammevilkår og usikker framtidig befolkningsutvikling.

Bjørnafjorden kommune deltar i det nasjonale prosjektet «Statleg finansiering av omsorgssektoren», som tidlegare Os kommune gjekk inn i 1.5.2016. (SIO) tar slutt frå 2023. Det kan bli krevjande for Bjørnafjorden, ettersom veksten i omsorgssektoren har vore høgare enn det rammetilsikotet kommunen vil få tilbake igjen då. Det verkar inn på alle tenesteområda. Sjå ill. nedanfor. Vi er i gang med omstillingsprosessen «Bjørnafjorden 22», der målet er å omstilla kommunen til ein moderne organisasjon med økonomisk balanse innan budsjett 2022.



Før
Finansieringa før SIO.
26 % av ramma gjekk
til helse i 2016.




2017–2022
Alla andre budsjett aukar medan
helseuttrekket blir verande det same



Etter
Etter prøveperioden vil helse-
budsjettet vera betydeleg mindre.

Etter SIO



Helse er underfinansiert



Helse må finansierast frå
andre budsjettpostar




For at kommunen skal
finansiera helse, må ein brukta
mindre på andre område

Integrert kommuneplanlegging

For å sikra berekraftig økonomisk utvikling, er koblinga mellom kommunen sine planar og økonomiplanen viktig. Den nye kommuneplanen skal fungera som overordna styringsverktøy. Den må difor innehalda tydelege mål og strategiar som kan brukast som utgangspunkt for *prioritering* (i handlingsplan m/øk.plan) og *rappertering* (i tertial/årsmelding).

Vi må i løpet av denne planprosessen avklara korleis vi skal sikra at føringane frå samfunnsdelen blir konkretiserte gjennom mål og tiltak i handlingsdelen og økonomisk prioritering i økonomiplan og årsbudsjett. Og vi må avklara korleis vi skal måla at vi oppnår det vi *vil* og *skal*.

Integrert kommuneplanlegging



Illustrasjon: I miljøverndepartementet sin rettleiar til kommuneplanprosessen blir det understreka at samfunnsdelen er eit godt verktøy for strategisk overordna styring. «Dette forsterkes ved å knytte handlingsdelen til samfunnsdelen. Da muliggjøres en sterkere strategisk styring og prioritering av arbeidsoppgaver. Handlingsdelen bør bli en del av kommunens økonomiske styringsinstrumenter og resultatavurderinger. Dette gjelder økonomiplan, budsjett, regnskap og årsmeldinger».

3.5.2. God helse og livskvalitet for alle, uansett alder



Berekraftsmål 3 er fellesmålet for tenestene innan denne sektoren. Mål 1, 2, 5, 8, 9, 10 og 11 er også relevante.

Kva skal ein framtidsretta helse- og velferdspolitikk innehalda? Og kva er framtidsretta helse- og velferdstenester?

Utfordringane er mange og ressursane meir avgrensa i åra som kjem med avslutning av SIO-prosjektet frå 2023 (jf. kap. 3.5.1.). Vi opplever vekst i tenestebehovet, m.a. pga. tilflytting, eit år med koronapandemi, og stor auke i talet på personar i aldersgruppa 80 år+. Dersom SSB sin prognose for middels folkevekst slår til, kjem vi til å ha 25 % fleire i alderen 80+ i 2025 og 77 % fleire i 2030 enn vi hadde ved starten på den nye kommunen 1.1.2020. Då var ca. 1560 personar brukarar av helse- og velferdstenester i Bjørnafjorden.

Det er fleire med demens, rus- og psykisk helse-utfordringar, fleire unge og vaksne med omfattande livsvarige hjelpebehov, auke i livsstilssjukdommar og behov for frisklivstenester og helsefremjing. I tillegg kjem fattigdom, aukande forskjellar og utanforsk. Det er behov for differensierte butilbod, burettleiing og bustader med høve til heildøgns omsorg for mange aldersgrupper.

Det siste året har helsevesenet i tillegg måttu bruka mykje tid og ressursar på å handtera den helse- og smittevernfaglege delen av koronapandemien. Vi må vera førebudde på at det kan koma fleire pandemiar av ulike typar framover.

Den tverrsektorielle kvalitetsreforma for eldre «Leve hele livet» (2019-2023) handlar om å utvikla alders- og demensvenlege samfunn. Misjonen/samfunnsoppdraget vårt formulerer dette endå vidare «Det gode liv for alle». Det handlar om å LEVA, frå vogge til grav, og kommunen skal yta dei nødvendige helse- og velferdstenestene for at alle skal kunna leva GODE LIV.

1. Korleis skal vi organisera og innretta tenestene våre og sikra ein god tenesteflyt for å levera treffsikre helse- og velferdstenester?

2. Kva må til for å halda brukarane lengst mogeleg på dei lågaste trinna i omsorgstrappa? Og for at dei klarer seg lengst mogeleg utan kommunal hjelp?

- Omsorgstrappa er eit omgrep som skildrar det kommunale tenestetilbodet som ei tiltakskjede. Gjennom pasientforløpet kan tenestemottakaren vera innom ulike tenestetypar på dei ulike trappetrinna, frå førebyggjande og helsefremjande tiltak til heildøgns pleie.
- Det ligg eit potensiale i å bruka omsorgstrappa til tildeling av tenester på rett nivå.

3. Kva potensiale ligg det i å nytta velferdsteknologiske løysingar som ein integrert del av tenestene våre? Kven kan ha nytte av det? Kva gevinst kan det gi?

Det er behov for ein plan for heile helse- og velferdssektoren, der vi ser tenestene våre i samanheng, og følgjer opp med handlingsplanar for ulike satsingsområde og tenester. I kommunal planstrategi er det vedtatt at det skal lagast ein helse- og velferdsplan for Bjørnafjorden kommune med oppstart i 2021. Kommuneplanprosessen og arbeidet med denne sektorplanen må koordinerast for best mogleg samanheng, medverknad og utnytting av ressursar i planarbeidet.

UTGREIINGSBEHOV og KUNNSKAPSGRUNNLAG:

- * Prognosar for demografi (etter alder og krinsar)
- * Behovet for heildøgns omsorgsplassar fram mot 2030/2035
- * NORCE-forskningsprosjekt: «Helt om» – korleis brukar vi tenestene (heimetenester, helsefremming og rehabilitering)? Det er søkt om deltaking i dette prosjektet
- * Følgeforskningsrapport nr. 5 Agenda Kaupang: Statleg finansiering av omsorgstenester

3.5.3. God utdanning og livslang læring for alle

Berekraftsmål 4 er hovudmålet for tenestene innan Oppvekst. Det handlar om å sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremma moglegheiter for livslang læring for alle. Andre relevante mål er 1, 2, 3, 5, 8, 10, 11, 13 og 16. Dette kommunalområdet driv tverrfagleg arbeid knytt til barn og unge sine levekår, og er sett saman av barnehagar, skular (inkl. kulturskule og vaksenopplæring), førebyggande helsetenester, PPT, barnevernteneste og fagstab for felles satsingar. Her er nokre overordna problemstillingar som bør drøftast i samfunnssdelen av kommuneplanen.



Kva skal ein framtidsretta oppvekstpolitikk / barnehage- og skulepolitikk i Bjørnafjorden kommune innehalda? Og kva er framtidsretta oppveksttenester?

Vi har i levd med ein pandemi det siste året og veit ikkje når den er over. Det har hatt stor innverknad på barn og unge sine liv, og etter kvart som konsekvensar har blitt synlege, har det vore stort fokus på å betra situasjonen deira, både nasjonalt og lokalt. Korleis har barn og unge i Bjørnafjorden det etter eitt år med koronareglar, restriksjonar, periodar med nedstenging og generelt andre måtar å leva på og vera saman på enn før? Kjem koronapandemien til å få langtidsverknader for barn og unge og for våre tenester til dei?

1. Korleis skal vi greia å gi treffsikre tenester til barn, unge og familiene deira fram mot 2035?

2. Korleis kan vi bidra til å gi barn og unge gode og trygge oppvekst- og læringsmiljø?

- Gode uteområde/nærmiljøanlegg, barnehage- og skulebygg er viktige føresetnader for, og rammer rundt, trygge og gode oppvekst- og læringsmiljø. Parallelt med KPS-arbeidet skal det lagast skulebruksplan og barnehagebruksplan for å vurdera utbyggingsbehov, og som verktøy for å sikra samsvar mellom barnetal og kapasitet i barnehagar og skular. Og nødvendig prioritering av areal og ressursar til rett tid.
- Livsmeistring for barn og unge er ei tverrfagleg satsing for tenesteområda innan Oppvekst. Kva må til for at barn og unge i Bjørnafjorden skal oppleva livsmeistring?
- Korleis sikra både høg trivsel og høg fagleg kvalitet på opplæringa?

3. Korleis kan vi bidra til at barn og unge opplever å høyra til og vera del av ein fellesskap?

- Barnehage og skule er viktige arenaer for utjamning av sosiale forskjellar og førebygging av utanforskap. Ein tverrfagleg handlingsplan mot barnefattigdom er under arbeid
- Ungdata-svar fortel at ein del av ungdommane våre er plaga av einsemd. Folkehelseoversikta frå 2019 peikar på ein klar auke i psykiske helseplager hos ungdom, og særleg jenter. Under koronapandemien har pågangen på hjelpetenestene auka. Vi er blitt med i eit samarbeid med NORCE og KoRus om kunnskapsbaserte folkehelsetiltak for barn/ungdom knytt til psykisk helse: «VERD-SETT – saman om livsmeistring og fråværstforebygging». Korleis kan slike tiltak bidra m.a. til auka skulenærvær?
- Korleis sikra aktiv brukarmedverknad frå barn og unge for å gi dei treffsikre tenester?
- Kva må til for å henta ut potensialet som ligg i møteplassen Ung Arena?

4. Barnevernsreforma frå 2022 er ei oppvekstreform som krev store endringar i kommunane – korleis møta dei?

Det skal lagast ein eigen sektorplan for oppvekst, som skal konkretisera og utdjupa mål og strategiar for å oppnå «det gode liv for alle» barn, unge og familiar i Bjørnafjorden. Her blir koplinga til nasjonale satsingar og reformer sentrale. Vi vil koordinera planprosessane lokalt for best mogleg samanheng, medverknad og utnytting av ressursar i planarbeidet.

KUNNSKAPSGRUNNLAG og UTGREIINGSBEHOV:

Prognosar for demografi (etter alder og krinsar)

Ungdata- og Ungdata junior-undersøkingar

«VERD-SETT» – saman om livsmeistring og fråværstforebygging (kunnskapsbaserte folkehelsetiltak for barn/ungdom knytt til psykisk helse) – i samarbeid med NORCE og KoRus. Tverrfagleg.

4. PLANPROSESS

Arbeidet med samfunnssdelen av kommuneplanen følgjer prosesskrava i pbl. om planprogram og medverknad.

- Kunngjering av oppstart
- Høyring for planprogram: minimum 6 veker
- Høyring for planforslag: minimum 6 veker
- Leggja til rette for medverknad for særlege grupper, og for brei medverknad

4.1. Prosjektorganisasjon

4.1.1. Politisk organisering

Vedtaksorgan: Kommunestyret

Politisk styringsgruppe: Formannskapet – som vel ei arb.gruppe/eit arbeidsutval på tre personar.

Arbeidsutval – tre personar frå formannskapet. For løpende dialog og samarbeid med administrasjonen, for å gjera prosessen meir fleksibel og tidseffektiv uavhengig av møtekalenderen til formannskapet. Arbeidsutvalet skal rapportera jamleg til formannskapet.

Politiske medverknadsgrupper: Alle kommunestyrerepr. deltar i temagrupper/arb.grupper.

Ungdomsrådet, eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og barn og unge sin representant/talsperson skal involverast i medverknadsprosessen.

Plan-, bygg- og miljøutvalet (PBU) og tenesteutvalet skal få informasjon under vefs i planprosessen.

4.1.2. Administrativ organisering

Administrativ styringsgruppe: Kommunedirektøren, dei tre kommunalsjefane (Samfunnsutvikling, Helse og velferd, Oppvekst), plansjef.

Prosjektleiar: Seniorrådgjevar for overordna plan/samf.sikkerh. og beredskap

Det blir oppretta arbeidsgrupper/prosjektgrupper etter behov, m.a. for koordinering med arbeidet med KLEM-plan og sektorplanar for Helse og velferd, Oppvekst og Kultur (t.d. knytt til utgreiingar/kartleggingar). Koordinering med prosjektleiarane for andre relevante planarbeid som er i gang parallelt: Trafikksikringsplan, næringsplan.

Kommunalt planforum blir eit viktig samordningsforum.

4.2. Medverknad – og samarbeid for å nå måla

Utviklinga av lokalsamfunna i Bjørnafjorden kommune er eit felles ansvar – eit samarbeidsprosjekt mellom innbyggjarar, tilsette i kommunen, politikarar og andre samfunnsaktørar. Medverknad for å definera måla og samarbeid for å nå dei er difor både nødvendig og naturleg.

Dette gjeld også tenesteutviklinga. Innbyggjarane er ikkje berre «brukarar», men òg viktige medspelarar i utviklinga av tenestene våre, gjennom brukarmedverknad og samskapning.

Målet med medverknad i planarbeid i Bjørnafjorden kommune er «auka kvalitet i kunnskaps- og vedtaksgrunnlag, demokratiutvikling, forankring og eigarskap, og styrking av stadtidentitet,» er det slått fast i kommunal planstrategi, kapittel 4.1.

Vi vil leggja til rette for brei medverknad i kommuneplanprosessen, både digitalt og forhåpentlegvis fysisk, etter kvart som tida går og koronasituasjonen endrar seg. Det er lagt opp til at medverknadsperioden startar i mars og går ut 2021. Vi ønskjer innspel og medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, tilsette i kommunen, HTV + HVO, politikarane våre, og statlege og regionale instansar.

- Barn og unge, vaksne, eldre
- Brukarar av tenestene våre
- Nye bjørnafjordingar – frå inn- og utland
- Menneske med nedsett funksjonsevne
- Bjørnafjorden næringsråd
- Faglag innan jord- og skogbruket
- Frivilligsentralane
- Kyrkja/trus- og livssynsorg.
- Idretten / Bjørnafjorden idrettsråd
- Lag og organisasjonar
- Ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Barn og unge sin talsperson i plan- og byggesaker
- Kommunestyrepolitikarane

Vi vil samordna og koordinera medverknadsprosessar med KLEM-planen og med sektorplanar for kultur, idrett og friluftsliv, for oppvekst, og for helse og velferd.

- Idéudgnader og dialogmøte med utvalde grupper, t.d. innbyggjarar med minoritetsbakgrunn/ innvandrarar og den uformelle møtestaden Ung Arena.
- Vi vil invitera oss inn på arenaer der folk møtest, på skular, senioruniversitet, (kultur-) arrangement, arbeidsplassar, møte. T.d. Internasjonal kvinneklokk i Eikelandsosen og språkkaféen i Os. Alle 10. klassane i kommunen («Ordførar for ein dag»-opplegg).
- Vi vil samarbeida med andre aktørar om arrangement. Konkrete døme er Grøn bedriftssafari i samarbeid Bjørnafjorden næringsråd, og Framtidsfestival i samarbeid med Oseana og FN-sambandet – for skuleelevar og for næringsliv, med open dag som avslutning.
- Samarbeid med FN-sambandet om undervisningsopplegg om berekraftsmål for 5.-6. klasse – pilot: Lunde skule. Teikningar og tekstar frå dette blir kjelder til KPS og anna planarbeid.
- Vi vil arrangera berekraftsmarsjar for alle aldersgrupper for medverknad til både KLEM-plan, KPS og kulturplan – til dei nye dagsturhyttene våre i Os-krinsen og i Eikelandsosen, og universelt utforma til nærturområda Lyngheim og Vinnesleiro/Vinnesholmen.
- Vi vil bruka sosiale medium og heimesida til kommunen – «Draumar for Bjørnafjorden», «Bjørnafjorden i framtid», digitale spørjeundersøkingar, «ønskebrønn», foto- og teiknekonkurransar for barn og unge.
- Brukarundersøkingar – inkl. elevundersøkingar.
- Gjennom folkehelseprosjektet «Verdsett» – saman om livsmeistring, blir det òg lagt opp til omfattande medverknad frå både barn og unge.

Statlege og regionale instansar

- Vi ønskjer å få behandla forslaget til planprogram i regionalt planforum mot slutten av høyringsperioden. Vi legg òg opp til å få drøfta planforslaget der i 2022. Før møta skal vi koma med forslag til kven vi ønskjer innspel frå, og kva problemstillingar vi særleg ønskjer belyst.

Kommunalt planforum

Samfunnsplanarbeidet skal involvera alle tenesteområda i kommunen. Både planprogram og planutkast skal til behandling i kommunalt planforum, som har repr. frå alle planrelevante område. Dette blir ein viktig medverknadsarena. Særleg viktige samarbeidsområde i kommunen vil vera m.a. planavd., kultur, barnehage og skule/oppvekst, helse og velferd, næring, landbruk, samferdsel og VA, kommunikasjon.

Politisk involvering og medverknad – sjå kap. 4.1.1.

4.3. Behov for utgreiingar og kartleggingar

1. Prognosar for demografi (etter alder og krinsar), attraktivitet som bukommune, næringsutvikling (Drivkrefter og sannsynleg utvikling av befolkning, sysselsetjing, arbeidsplassar, næringsutvikling og utdanningsnivå i åra framover)
2. Ungdata-undersøking + Ungdata junior – blir gjennomført i vår
3. Behovet for heildøgns omsorgsplassar fram mot 2030/2035
4. Kulturminneregistrering – har fått statleg tilskot til dette
5. «Friluftslivets ferdsselsårer» – har fått statleg tilskot til kartlegging
6. «Veikart for grønn konkurransekraft i kommuner» – Bjørnafjorden kommune er med i dette 2-åriga forskingsprosjektet med oppstart 1. april.
7. Kartlegging av naturmangfold. Det er søkt om midlar frå Miljødirektoratet
8. NORCE-forskinsprosjekt: «Helt om» – korleis brukar vi tenestene (heimetenester, helsefremming og rehabilitering) – det er søkt om deltaking i dette prosjektet
9. Følgeforskinsrapport nr. 5 Agenda Kaupang: Statleg finansiering av omsorgstenester
10. Bustadbehov – differensierte bustader
11. Barnetråkk (er gjennomført – ny registrering i 2022)

4.4. Tidsplan

Koronasituasjonen gjer det vanskeleg å fastsetja datoar for dei ulike medverknadstiltaka pr. no. Vi har difor sett ei romsleg ramme, ut året, for å sikra at vi kan få gjennomført flest mogleg.

| FRAMDRIFTSPLAN KPS | 2021 | | | | 2022 | | | |
|---|-------------|---------------|----------------|-----------|-----------|------------------------|------------|-----------|
| OPPGÅVE | Jan.-mars | April-juni | Juli-sept. | Okt.-des. | Jan.-mars | April-juni | Juli-sept. | Okt.-des. |
| Førebuing | | | | | | | | |
| PLANPROGRAM | Feb.-juni | | | | | | | |
| Høyningsperiode | 15.3.-30.4. | | | | | | | |
| Politisk vedtak | F 3.6. | K17.6. | | | | | | |
| UTGREIINGSARBEID | | Mars-sept. | | | | | | |
| MEDVERKNADSPROSESS internt og eksternt | | Mars-desember | | | | | | |
| PROD.-/SKRIVEFASE | | | November-april | | | | | |
| HØYRING og POLITISK BEHANDLING | | | | | | April-okt. | | |
| 1. gongsbehandling | | | | | | Juni | | |
| Høyningsperiode | | | | | | Medio juni-medio sept. | | |
| 2. gongsbehandling/vedtak | | | | | | | | |

5. VEDLEGG

1. Lenke til kommunal planstrategi på heimesida vår:

<https://bjornafjorden.kommune.no/politikk-og-organisasjon/styringsdokument/kommunal-planstrategi-for-bjornafjorden-kommune-2020-2024/>

2. Satsingsområde

| Ikon | FN-mål à la Bjørnafjorden | Utdjupande tekst for berekraftsmålet («...») | Fokusområde og * innsatsomr. frå KPSt. |
|---|--|---|--|
|  | 13 STOPPE KLIMAENDRINGANE Stoppa klimaendringane | «Handla umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei» <i>Strategidok. s. 8:</i> Bjørnafjorden kommune skal stimulera til grøn samfunns- og næringsutvikling | <u>Klima og miljø</u> * Redusera utslepp av klimagassar * Tilpassa oss klimaendringar og klimarisiko * Sikra god balanse mellom (folke)vekst og omsyn til natur, miljø og biologisk mangfald * Setja klimamål for kommuneorganisasjonen |
|  | 11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN Berekrftige tettstadar og lokalsamfunn | «Gjera byar og busetnader inkluderande, trygge, robuste og berekraftige» Det gode liv for alle <i>(Misjon/samf.oppdrag)</i> Berekraftige og trygge liv i Bjørnafjorden | <u>Levekår, folkehelse og kulturelt mangfald</u> * «Vi er inkluderande» * Bustadpolitikk for framtida * Idrett, friluftsliv og rekreasjon * Kulturpolitikk for framtida * Møte mellom menneske * Biblioteket - møteplass for alle <u>Senterstruktur, tettstad- og bygdeutvikling</u> * Langsiktig arealstrategi * Strategi for heilskapleg senterutvikling * Livskraftige bygder og krinsar |
|  | 9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR Næring, innovasjon og infrastruktur | «Byggja solid infrastruktur, fremma inkluderande og berekraftig industrialisering og bidra til innovasjon» Kommunikasjonar og infrastruktur, nyskaping og næring | <u>Næringsutvikling og sysselsetjing</u> * fleire arbeidsplassar * (full) sysselsetjing * innovasjon, omstilling, grøn næringsetvikling * næringsareal * tilgang på kvalifisert arbeidskraft <u>Transport/samferdsel</u> * Binda kommunen saman * Nullvekstmålet for persontransport med bil og «Strategi for grøn mobilitet» * Samordna areal- og transportplanlegging * Trafikksikring * Sjøvegs transport og infrastruktur |

| | | | |
|--|--|---|--|
| | | | <p><u>Infrastruktur</u></p> <ul style="list-style-type: none"> * god, trygg og berekraftig infrastruktur for VVA * sikker straumforsyning * godt utbygd og stabil digital infrastruktur * offentlege bygg og anlegg, næringsbygg og -anlegg |
|  3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET | God helse og livskvalitet for alle | <p>«Sikra god helse og fremma livskvalitet for alle, uansett alder»</p> <p>«Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremma moglegheiter for livslang læring for alle»</p> <p>Treffsikre kommunale tenester</p> <ul style="list-style-type: none"> - berekraftig kommuneøkonomi - helse og velferd - oppvekst | <p><u>«Treffsikre kommunale tenester»</u></p> <ul style="list-style-type: none"> * Kven er innbyggjarane våre i 2035? * Kvar må vi bruka ressursane? <p><u>Berekraftig kommuneøkonomi</u></p> <ul style="list-style-type: none"> * Integrert kommuneplanlegging for å sikra berekraftig økonomisk utvikling * Strategisk styring og prioritering av arbeidsoppgåver og ressursar <p><u>God helse og livskvalitet for alle</u></p> <ul style="list-style-type: none"> * Framtidsretta helse- og velferdspolitikk? * Korleis org. og innretta tenestene for å levera treffsikre helse- og velferdstenester? * Potensialet i omsorgstrappa * Velferdsteknologi <p><u>God utdanning og livslang læring for alle</u></p> <ul style="list-style-type: none"> * Framtidsretta oppvekstpolitikk? Framtidsretta oppveksttenester? * Treffsikre tenester til barn, unge og familiær * Gode og trygge oppvekst- og læringsmiljø * Livesmeistring, fellesskap, tilhøyrigheit * Utbyggingsbehov * Barnevernsreform 2022 |
|  4 GOD UTDANNING | God utdanning og livslang læring for alle | | |
|  17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA | Samarbeid for å nå måla | <p>Arbeidsmåten vår = samarbeid innan kommunen, på tvers av kommunal- og fagområde, administrasjon og politikk, med innbyggjarar, organisasjonsliv/frivillig sektor, næringsliv og kulturliv.</p> <p>Samarbeid ut over kommunegrensene, med andre kommunar, regionale og nasjonale styresmakter, forskingsmiljø og føretak.</p> | <p><u>«Saman kan vi få til mykje meir enn kvar for oss»</u></p> <ul style="list-style-type: none"> * Samarbeid * Samskaping * Samhandling |
|  14 LIVET I HAVET | Livet i havet / Liv under vatn Livet på land | <p>«Bevara og bruk hav og marine ressursar på ein måte som fremmar berekraftig utvikling»</p> <p>«Beskytta, gjenopprett og fremma berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvalting, bekjempa</p> | <p><u>Arealstrategi</u></p> <ul style="list-style-type: none"> * Prioritering av ulike arealbehov på land og i sjø/vatn * Arealrekneskap – arealnøytralitet? * Ta omsyn til samfunnssikkerheit i arealplanlegginga |

| | | | |
|---|-----------|--|---|
|  | | ørkenspreiing, stansa og reversera forringing av land og stansa tap av artsmangfald» | |
|  | Demografi | Folketalsutvikling og lokale forskjellar | <p>Kor mange, og kven er innbyggjarane våre i 2035?</p> <p>* Ulike scenario for folketalsutvikling</p> |

3. Nasjonale føringer, rettleiarar mv.

Planlegging/planarbeid:

- Kommunal og moderniseringsdepartementet, 2019: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 – <https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-nn.pdf>
- Miljøverndepartementet, 2012: Rettleiar «Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen» – <https://www.regjeringen.no/contentassets/493007ab4f9349a295a34982f77173ec/t-1492.pdf>
- Kommunal og moderniseringsdepartementet, 2020: Rettleiar «Barn og unge i plan og byggesak» – <https://www.regjeringen.no/contentassets/2cf9a51adb5e4ebd85f7b13fa46f8be2/hn-no/pdfs/nynorsk-veileder--barn-og-unge-okt.pdf>
- Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging – <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-2-08/id516949/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Rettleiar H-2302 «Medvirkning i planlegging» – https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/plan/medvirkningsveileder/h2302b_veileder_medvirkning.pdf

Levekår og folkehelse:

- NOU 2020:15 "Det handler om Norge – Bærekraft i hele landet. Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene" (Demografimeldingen) – <https://www.regjeringen.no/contentassets/3b37c1baa63a46989cb558a65fcf7a1/no/pdfs/nou202020200015000dddpdfs.pdf>
- NOU 2020:16: «Levekår i byer – gode lokalsamfunn for alle» – <https://www.regjeringen.no/contentassets/ccc978f8e2184980b4597ba59796e7e3/no/pdfs/nou202020200016000dddpdfs.pdf>
- «Sammen om aktive liv». Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 – <https://www.regjeringen.no/contentassets/43934b653c924ed7816fa16cd1e8e523/handlingsplan-for-fysisk-aktivitet-2020.pdf>
- «Alle trenger et trygt hjem». Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken (2021-2024) – <https://www.regjeringen.no/contentassets/c2d6de6c12d5484495d4ddeb7d103ad5/alle-trenger-et-trygt-hjem-nasjonal-strategi-for-den-sosiale-boligpolitikken-2021-2024-2.des.20.pdf>
- Stortingsmelding 15 (2017-2018): «Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre» – <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20172018/id2599850/>
- Barnevernsreformen 2022 – <https://bufdir.no/Barnevern/reform/>
- Helsedirektoratet, 2014: «Samfunnsutvikling for god folkehelse. Rapport om status og råd for videreutvikling av folkehelsearbeidet i Norge» – <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/samfunnsutvikling-for-god-folkehelse/Samfunnsutvikling%20for%20god%20folkehelse.pdf>
- Helsedirektoratet, 2018: «Folkehelse og bærekraftig samfunnsutvikling. Helsedirektorats innspill til videreutvikling av folkehelsepolitikken» – <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/folkehelse-og-baerekraftig-samfunnsutvikling/Folkehelse%20og%20b%C3%A6rekraftig%20samfunnsutvikling.pdf>
- Helsedirektoratet: «Sjekkliste for kommuner som vil skape gode nærmiljøer» – <https://www.helsedirektoratet.no/brosyrer/sjekkliste-for-kommuner-som-vil-skape-gode-naermiljoer/Sjekkliste%20for%20kommuner%20som%20vil%20skape%20gode%20naermilj%C3%A6r.pdf>
- Helsedirektoratet: «Systematisk folkehelsearbeid. Veileder til lov og forskrift» – <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/systematisk-folkehelsearbeid>

Samfunnssikkerheit og beredskap:

- Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18: Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling – https://www.regjeringen.no/contentassets/728660a6489a4decfce2b964ed8b9fcf/no/pdfs/rundskriv_samfunnssikkerhet_planlegging_byggesaksb.pdf



- Stortingsmelding 5 (2020-2021): Samfunnssikkerhet i en usikker verden – <https://www.regjeringen.no/contentassets/ba8d1c1470dd491f83c556e709b1cf06/no/pdfs/stm202020210005000ddd.pdf>
- DSB-rettleiar, 2018: «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» – <https://www.dsbo.no/veiledere-handboker-og-informasjonsmateriell/samfunnstryggleik-i-kommunen-si-arealplanlegging-nynorsk-utgave/>

Arealstrategi/arealprioriteringar:

- Statlege planretningslinjer (SPR) for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, 2014 – <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig-areal-og-transportplanlegging/id2001539/>
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, 2011 – <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/differensiert-forvaltning-strandsonen/id636763/>
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag, 1994 – <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1078-vernedevassdrag/id425432/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet, mai 2020: Veileder for planlegging i sjøområdene – https://www.regjeringen.no/contentassets/79f05c0671624eb0a45f21f34b35ee51/no/pdfs/07_veileder-planlegging-i-sjo--kno-4-mai-2020.pdf
- Stortingsmelding 20 (2020-2021): Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033 – <https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/nasjonal-transportplan/id2475111/>
- Byvekstavtalen – <https://www.regjeringen.no/contentassets/66644bf4b3e642acaf10bea324af42b8/signert-byvekstavtale-for-bergensområdet-2019-20291957830.pdf> + <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/by-og-stedsutvikling/Byvekstavtaler/id2454599/>

Klima, natur og miljø:

- Stortingsmelding 14 (2015-2016): Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>
- Miljødirektoratet m.fl., 2019: Klimakur 2030 – <https://www.miljodirektoratet.no/klimakur>
- Stortingsmelding 13 (2020-2021): Klimaplan for 2021-2030 – <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-13-20202021/id2827405/>
- Stortingsmelding 21 (2011-2012): Norsk klimapolitikk («klimameldingen») – <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-21-2011-2012/id679374/>
- Klimaforliket, 2012: Vart inngått i samband med behandlinga av klimameldinga 2011-2012. Vedtaket omfattar 14 forslag til klimatiltak – <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Vedtak/Sak/?p=52754>
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, 2018 – <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlige-planretningslinjer-for-klima-og-energiplanlegging-og-klimatilpasning/id2612821/> + <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-09-28-1469>
- Miljødirektoratet: «Hvordan ta hensyn til klimaendringer i plan? Veiledning til statlige planretningslinjer for klimatilpasning» (dvs. til den delen av SPR ovanfor som handlar om klimatilpassing) – <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/klima/for-myndigheter/klimatilpasning/veiledning-til-statlige-planretningslinjer-for-klimatilpasning/>

NASJONALE FORVENTNINGAR (jf. Kommunal planstrategi s. 4)

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» legg regjeringa vekt på at vi står overfor fire store utfordringar: Å skapa:

1. eit berekraftig velferdssamfunn
2. eit økologisk berekraftig samfunn gjennom m.a. ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
3. eit sosialt berekraftig samfunn
4. eit trygt samfunn for alle

Regjeringa forventar at kommunane skal nytta planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling. Kommunane skal vera med og skapa økologisk, sosialt og økonomisk berekraftige og trygge samfunn for alle.

Forventningane til innhaldet i kommunal planlegging er konkretisert i tre hovudområde:

1. vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
2. berekraftig areal- og transportutvikling
3. byar og tettstader der det er godt å bu og leva

Regjeringa har vedteke at dei 17 berekraftmåla til FN skal vera «det politiske hovudspretet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid», og ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga også i kommunane.



| | | |
|-------|--|--|
| Tekst | | |
| | | |
| | | |